



SAKSHANDSAMAR
Jannie Schnedler Johansen

VÅR REF.
18/01811-3

ARK. P - Plansaker
274,278 Kvam kom. - Ho

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

982 02 795

DYKKAR DATO

VÅR DATO
13.06.2018

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Att: Jostein Aksdal

Offentleg ettersyn av kommuneplan for Kvam herad- Riksantikvaren sitt innspel

Føreliggande brev erstattar vårt brev av 4. juni 2018.

Vi syner til Hordaland fylkeskommune si oversending av framlegg til kommuneplan for Kvam herad, datert 25. april 2018. Fylkeskommunen er kulturminnemynde i plansaker etter plan- og bygningslova, og skal gi ein samla uttale til planforslaget på vegne av kulturminneforvaltninga. Fylkeskommunen er også delegert ansvaret for omgjevnadane til listeførte kyrkjer.

Innspelet frå Riksantikvaren gjeld de forvaltingsområdene der direktoratet er fagmynde. I dette høve gjeld det desse automatisk freda mellomalderkyrkjestadane:

- Strandebarm kyrkjestad, Askeladden id 85598
- Vikøy (Vikør) kyrkjestad, Askeladden id 85846
- Øystese kyrkjestad (nedlagd), Askeladden id 97444
- Steinstø kyrkjestad (nedlagd), Askeladden id 97536

Mellomalderkyrkjestadane med sikringssone er automatisk freda kulturminne jf. kulturminnelova § 4.

Planforslaget

Ved Steinstø/Nanes kyrkjestad, id 97536, og ved Vikøy/Vikør kyrkjestad, id 85846, er det ingen nye arealføremål i framlegget til kommuneplanen, som kan medføre konflikt med kulturminneinteressene som Riksantikvaren har ansvaret for i denne samanhengen. Arealbruken rundt desse to kyrkjestadane er den same som i gjeldande kommuneplan.

Ved Strandebarm kyrkjestad, id 85598, er det arealføremål i nærleiken, mellom anna F7, som potensielt kan kome i konflikt med Riksantikvaren sine interesser.

Ved Øystese gamle kyrkjestad, id 97444, er det planlagd arealbruk, offentlig/privat tenesteyting (OPT50), som er i direkte konflikt med kulturminnet.

Om kulturminnet Øystese gamle kyrkjestad

Øystese gamle kyrkjestad var kyrkjestad fram til midten av 1800-talet. Mellomalderkyrkja skal ha vore ein stavkyrkje, som vart riven i 1868. Ved rivinga vart det i grunnen under kyrkja gjort funn av ein mynt frå tidleg 1300-tal, og fem brakteatar. Rundt kyrkja var det kyrkjegard. Denne

gjekk ut av bruk då kyrkja vart flytta. Avgrensinga av den mellomalderske kyrkjegarden med kyrkjetuft er gjort med bakgrunn i eit jordskiftekart frå 1874 der den mellomalderske kyrkjegarden er avmerka. Det er diverre ingen synlege spor i overflata på plassen.

Riksantikvaren sine merknader til planframlegget

Planprogrammet skildrar ingen konkrete tiltak. Vårt innspel på dette stadiet er difor generelt når det gjeld kyrkjestadane Strandebarm, Steinstø/Nanes og Vikøy/Vikørda vi på noverande tidspunkt ikkje kan vurdere om dei vil bli råka av tiltak heimla i kommuneplan. Vi vil også påpeike at alle dei mellomalderske kyrkjestadane er kulturminne av nasjonal verdi. Det er viktig at ein ved planlegging av tiltak i kyrkjestadane sine nærmaste omgjevnader tar tilstrekkeleg omsyn til dette, slik at kyrkjestadane sin kunnskaps- og opplevingsverdi kan takast vare på for framtida.

Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare – ikkje berre i høve til inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminne står difor sterkt i lovverket. Eit sentralt punkt i denne saka er, utover om det er direkte konflikt mellom føreselege arealbruk og kulturminne, om tiltak i nærleiken av kyrkjestadane vil være utilbørleg skjemmande, jf. kulturminnelova § 3.

For å synleggjere at dei mellomalderske kyrkjestadane er automatisk freda kulturminne, skal dei visast som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova i plankartet og omtalast i føresegnene jf. pbl. § 11-8, SOSI-kode H-730. Omsynssone d) skal ha svart rutenettskravur. Koordinatane for avgrensinga av mellomalderkyrkjedadane ligg i Askeladden, jf. id nr. som vist over.

Følgjande tekst bør tas med i føresegnene til kommuneplanen for kvar av mellomalderkyrkjegardane som ligg i tilknytning til ein kyrkjegard som er i bruk:

«Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.»

Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.»

For dei mellomalderkyrkjedadane som er nedlagde bør følgjande tekst bli tatt med i føresegnene til kommuneplanen:

«Den mellomalderske kyrkjestaden er eit automatisk freda kulturminne. Kyrkjestaden er ikkje i bruk.»

Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.»

Når det gjeld Øystese gamle kyrkjestad ber vi Hordaland fylkeskommune om å gå til motsegn mot planframlegget sitt planområde OPT50 som er i omfattande konflikt med dette kulturminnet.

Konklusjon

Arealbruksendringa, frå landbruk-, natur og friluftsområde, LNF, til offentleg/privat tenesteyting, som det vert lagt opp til innanfor planareal OPT50 er i konflikt med den delen av Øystese gamle kyrkjestad som pr. i dag er utan moderne inngrep. Arealføremålet,

offentleg/privat tenesteyting, opnar for omfattande tiltak som lite truleg vil kunne ivareta omsynet til kulturminnet på ein for kulturminneforvaltinga tilfredsstillande måte.

Kommunen har i planskildringa sjølv peika på konflikten mellom arealføremåla innanfor OPT50 og den automatisk freda kulturminnelokaliteten. Rådmannen vil tilrå utvidinga for å utnytta infrastrukturen på staden, men også sidan det er lite med alternative løysingar.

Etter Riksantikvaren sin vurdering bør omsynet til vern av den delen av kulturminnet, som ikkje allereie er råka av moderne inngrep, vege svært tungt. Den aktuelle delen av kulturminnet ligg i eit ope jordbrukslandskap og ein kan framleis oppleve samanhengen mellom landskap og kulturminne, sjølv om sjølve kyrkjetufta og kyrkjegarden ikkje er synleg på overflata. Kyrkjestaden er desimert av bygningane i kulturminnet sin austlege del og desse bygningane er skjemmande for kulturminnet og ytterlegare bygging innanfor kulturminnet sin avgrensing vil medføre at kulturminneverdiane vert sterkt svekka. Den attverande delen av dette viktige og sårbare kulturminnet bør bli teke vare på for framtida.

Riksantikvaren har ikkje vore på staden. Direktoratet ber difor Hordaland fylkeskommune kome med forslag til ein avgrensing av OPT50 som ligg utanfor og i god avstand til kulturminnet id 97444 med sikringssone. Kulturminnet med sikringssone skal ha arealføremålet omsynssone d) og kan eventuelt kombinerast med dagens føremål, LNFR.

Dersom OPT50 vert vidareført i ein mindre utstrekning, sett Riksantikvaren som ein føresetnad at det vert utarbeida ein reguleringsplan for tiltak knytt til arealbruken, som tar tilstrekkeleg omsyn til kulturminneverdiane til kyrkjestaden. Dersom reguleringsplanen inneber direkte inngrep i eller utilbørleg skjemming av den automatisk freda kyrkjestaden, vil det kunne bli fremja motsegn mot denne.

Riksantikvaren ber Hordaland fylkeskommune om å gå til motsegn mot planframlegget til kommuneplanens arealdel, Kvam Herad, 2018-2030, for planareal OPT50. Motsegna fell bort dersom avgrensinga av arealføremålet OPT50 vert lagt utanfor kulturminnet id 97444 med sikringssone.

Vi ber om at våre merknader vert innarbeidd i fylkeskommunen si fråsegn til planprogrammet.

Vi gjer merksam på at det med dette ikkje er tatt uttrykkeleg stilling til arealbruken jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd.

Beste helsing

Isa Trøim (e. f.)
seksjonssjef

Jannie Schnedler Johansen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjend